A.128

Dagbok nr.
05478 10.10.64
NORDHORDLAND
SORENSKRIVARAMBETE

Gjekk

# Skyldskifte

Laur dag den 3 oktober 1964 heldt underskrivne, som er oppnemnd av lensmannen, skyldskifte på garden Hosteland

gr.nr. 14 br.nr. 3 med skyld mark 4 og 64 øre Masfjord herad.

Arne J. Risnes har kravt skyldskifte og har grunnboksheimel til eigedomen.[1]

Oppnemninga av skyldskiftemennene ligg ved. Dei har gjeve skjønsmannslovnad så nær som[2]) Alle har gjeve skjønsmannslovnad

Desse møtte:[3]) Guttorm Hosteland møtte for Kaspar Hosteland utan skriftleg fullmakt. Magne Duesund var varsla, men møtte ikkje. Kjøpar og seljar møtte.

Til formann vart vald Harald S. Molland

Opplysningar om den part[4]) av eigedomen som er fråskild:

1. Vidd: Dyrka jord ........ dekar, naturleg eng og kulturbeite ........ dekar, produktiv skog ........ dekar, onnor vidd ........ dekar — i alt ........ dekar

## Grensene[5])

til den uskilde part: Parsellen ligg ved sjøen og ligg millom naustgrunnen til Magne Duesund og nauset til Kaspar Hosteland. På nordsida er parsellen avgrensa til felles veg for dei austanfor liggjande nausteigarar.

Grenselina tek til med x i stein i nordvestre hjørna, går i sudaustleg lind parallelt med den felles veg 6.34 m til merkestein med

---

[1]) Utan at den som har kravt skyldskifte har grunnboksheimel, eller det er sagt dom for at han eig den utskilde eigedomen, kan ikkje skyldskiftet godtakast til tinglysing. (§ 1 i lov om skyldskifte.)

[2]) Er det nokon av skyldskiftemennene som ikkje har gjeve slik lovnad som er nemnt i § 20 i lov nr. 1 frå 1917, skal han før tenesta tek til, skriva under ei fråsegn med denne ordlyden: «Eg lovar at eg i alle saker vil gjera tenesta mi som skjønsmann samvitsfullt og etter beste overtyding .............. den........ 19...... (underskrift).» Denne fråsegna skal sendast til sorenskrivaren saman med skyldskiftedokumenta.

[3]) Er det nokon av grannane eller partane i skyldskiftet som ikkje møter, må ein her skriva om det er prova at dei er varsla. Like eins om det er grannar ein har funne det uturvande å varsla (§§ 2 og 8 i skyldskiftelova).

[4]) Oppgåve over vidd o. a. gjev ein berre når vidda er meir enn 2 dekar (jfr. § 9 i skyldskiftelova).

[5]) Sjå §§ 3 og 8 i skyldskiftelova. Ein skal ikkje skriva grensene mot granneeigedomen utan at eigaren er til stades og samtykkjer i det som vert skrive.
Har nokon av partane kravt at skyldskiftemennene skal avgjera sjølve markeskilet, samstundes med skyldskiftet, (§ 7 i lova), må dei her skriva det som trengst. Det må ikkje skipast bruksrett eller servitutt i skyldskiftet, utan at heftet er vedteke skriftleg av den som har grunnboksheimel til den eigedomen heftet gjeld (§ 5 i lova).

Nr. L. 355. Norsk Skjemaforlag. Bergen

vitner. Går der i frå i sydvestleg leid paralellt med naustet til Kaspar Hosteland 26.30 m til × i stein og vidare same leid i sjøen. Frå krossen i nordvestre hjørna går grenselina paralellt med naustgrunnen til Magne Drösund 18.80 m til × i stein og vidare same leid i sjøen.

Parsellen ligg ca 40 m nordaust for kaien på Hosteland.

Kjøparen har rett saman med seljaren og bruka felles veg og oplagsplass ovanfor parsellen.

Me godtar dette skyldskiftet.

| selgjar | kjøpar |
|---|---|
| Arne J. Riisnes | Ingvard Riisnes |

1. Er det jordbruk og skog på den eigedomen som vert skift?
2. Får kvart bruk nok skog til husbruk og gardstarv etter skiftet?
3. Har eigedomen som vert skift jordbruk, fjellvidd, fjellvatn, elvar og bekker?
4. Får kvart jordbruk nok fjellvidd etter skiftet?

Dersom det vert svara ja på spørsmål 1 og nei på spørsmål 2, eller ja på spørsmål 3 og nei på spørsmål 4, lyt ein og svara på spørsmåla 5, 6 og 7.

5. Har heradsstyret samtykt i skyldskiftet Er ikkje tilspurd

6. Meiner skyldskiftemennene etter det som ligg føre at den utskilde parten vil verta nytta til dyrkingsjord eller byggjetuft, veg, tuft for industriverksemd eller anna liknande føremål? Tuft for industriverksemd

7. Eller vert eigedomen skift etter § 14 i lov om odels- og åsæteretten frå 26. juni 1821?

Me vitnar:

a) At det ikkje er skipa nye hopehav ved skiftet. Likevel har me samtykt i at det kan vera hopehav i utmarka på denne måten:

Me har ikkje funne det tenleg å skifta meir enn som gjort er.[1])

b) At kvart bruk har fått eit so lagleg skap for freding og drift som det er høve til. Skylda på de~~n~~ fråskilde part er sett til mark 1-eit-öre

Hovudbruket har att ei skyld på mark Same som för

Hovudbruket har att denne vidda: Dyrka jord ...... dekar, naturleg eng og kulturbeite ...... dekar, produktiv skog ...... dekar, anna vidde ...... dekar — i alt ...... dekar

De fråskilde part fekk bruksnamnet [2]) Sjöbu

Kostnadene med skyldskiftet og tinglysinga ber: [3]) Kjöparen

Me gjorde partane kjende med at dei kunne anka skyldskiftet til overskjøn, dersom dei er misnøgde med den skylda som er sett eller med det markeskilet som er fastslege. Krav om overskjøn må vera kome til sorenskrivaren seinast 3 månader etter at dette skyldskiftet er tinglyst.

Me sannar at me har gjort tenesta vår etter beste skjøn og overtyding og i samsvar med skjønsmannslovnaden.

Me har vedteke at Harald H. Molland skal senda skyldskiftedokumentet til sorenskrivaren til tinglysing.

Harald H. Molland Hans Olsen Hegeland

Ingolf Aarklett

---

[1]) Stryk det som ikkje skal vera.

[2]) Til bruksnamn må ein ikkje velja namn som alt er i bruk som slektsnamn, utan at det er ålment nytta. (Jfr. lov frå 9. febr. 1923, nr. 2, § 21).

[3]) Er det ikkje nemnt, eller har ikkje partane gjort avtale om kven som skal bera kostnadene ved skyldskiftet, skal skyldskiftemennene avgjera det.

Går til ........................................................................................ jordstyre.[1])

Fråsegn frå jordstyret:

........................................................................................ 20.10

........................................................................................

........................................................................................

........................................................................................

BETALT 10/10-64

........................................, den ........................ 19 ........

[signature]

........................................ ........................................
formann sekretær

Går til ........................................................................................ landbruksselskap.

Fråsegn frå fylkeslandbruksstyret:

........................................................................................

........................................................................................

........................................................................................

........................................................................................

........................................, den ........................ 19 ........

Dok. nr. 5478-64 Dagbok: 10 okt. 1964

........................................ ........................................
formann fylkeslandbrukssjef

NORDHORDLAND SORENSKRIVAREMBETE

Ført inn i grunnboka/~~personregisteret~~

~~Godteke til tinglysing~~ 22 okt. 1964 19

Avskrift i skøytebok A 128 ~~pantebok B~~

~~Tinglyst~~

De n fråskilde parten har fått gr.nr. 14 br.nr. 30.

[signature]

........................................................................................

........................................................................................

For tinglysing kr. ........................

[1]) Melding om skyldskifte sender ein ikkje til jordstyret, dersom skylddelinga gjeld ei vidde på under 2 dekar.